# ÅRSMØTE

Jostedal historielag heldt årsmøte på Jostedal hotell 18.3.2007. 15 hadde møtt fram

SA 13.3.07

**Årsmøte**

**i Jostedal Historielag sundag 18. mars kl. 18, Jostedal Hotell.**

1. Vanlege årsmøtesaker.
2. Kor gamal er Jostedalen? Anne Mette Haugen og Ann Katrine Sivertsen legg fram resultata frå arkeologiprosjektet
3. Servering.

*Vel møtt!*

## Den eldste busetnaden i Jostedalen

SA 17.3.2007

**LUSTER:** Jostedal historielag gjekk i 2003 i gang med arkeologiprosjektet «Den eldste busetnaden i Jostedalen». Dei fyrste resultata frå prosjektet blir presenterte på årsmøtet i laget sundag 18. mars av arkeologane Anne Mette Haugen og Ann Katrine Sivertsen. Dei har skrive masteroppgåver i arkeologi om Jostedalen, og på møtet blir det spanande og overraskande ting å høyra. Dei vil både gå inn på alderen på den eldste faste busetnaden, jordbruksutviklinga i dalen, utbygginga av vegnettet i mellomalderen og om øydetida etter Svartedauden er ein myte eller ein realitet. Historielaget held eit kort årsmøte i samband med det opne møtet, og alle er velkomne på Jostedal hotell.

1. Opning

Leiar Arnd Fossøy ynskte velkomen.
Innkalling og sakliste godkjende.
Møteleiar: Arnd Fossøy. Møteskrivar: Oddmund Hoel

2. Årsmeldinga

Oddmund orienterte. Godkjend.

3. Rekneskapen

Einar Bukva orienterte om lagsrekneskapen.
Godkjend.

4. Arbeidsplan

- Kvernhuset
- Stadnamnprosjektet
- Arkeologiprosjektet
- hefte om fangstanlegg av Sverre Fossen

## 5. Val

Ingen frå valnemnda kunne møta, så Arnd la fram tilrådinga.

Arnd Fossøy og Aldmund Hoel vart attvalde til styret for to år. Arnd Fossøy leiar (1 år)

Varamedlemer: Harald Haugen og Liv Espe.

Ansvarleg for Berget: Lars Neset, Harald Haugen, Liv Espe

— " — skulehuset: Ane Elgersma

— " — Kvernhuset: Alfred Tuften

Revisor: Gunnar Rund

Bolnemnd: Sigbjørg Sperle og Peder Kjørvik

## 6. Retningslinjer for arkeologiprosjektet

Aldmund orienterte. Godkjend.

Aldmund Hoel   H Haugen

Arnd F.   Einar Dale   Lars A Neset